

Arkivnr: 2017/1422-3
Saksbehandlar: Ingrid Kristine Holm Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.05.2017

Tildeling av utrangert PC-utstyr**Samandrag**

Det vert vist til PS 63/2017. Fylkesutvalet vedtok å etablere ei ordning der organisasjonar og stiftingar kan søke om å få tildelt utrangert PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune. Ordninga vart annonsert på fylkeskommunen sine nettsider og på facebook med søknadsfrist 1. april 2017.

Det kom inn 17 søknader. To av desse oppfylte ikkje tildelingskriteriet om bruk utanfor Noreg.

Søknadane spenner over eit breitt spekter av ulike hjelpetiltak i Europa, Midt-Austen, Afrika, Asia og Sør-Amerika, både i regi av einskildpersonar og etablerte hjelpeorganisasjonar. Sjå vedlagte oversikt over søkarar.

Det er mange verdige kandidatar. Etter ei totalvurdering vil fylkesrådmannen foreslå at følgjande søkarar vert tildelt PC-utstyr:

- Bergen Afro Arts Festival; computer learning centre i Mbare/Zimbabwe – 5 stk
- Maisha mema; barneheim/utdanningsprosjekt I Nairobi/Kenya – 5 stk
- Tore Eikeland legat; barneskule i Akoka village/Ghana – 15 stk
- Svalene; vidaregåande skule/yrkesskule for jenter i Lima/Peru – 5 stk
- Children at Risk Foundation; opplæringsprogram for barn og unge ved kolibrisenteret i Sao Paulo/Brasil – 5 stk

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar at følgjande organisasjonar vert tildelt PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune i 2017:

- Bergen Afro Arts Festival – 5 stk
- Maisha mema – 5 stk
- Tore Eikeland legat – 15 stk
- Svalene – 5 stk
- Children at Risk Foundation – 5 stk

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.04.2017

Her startar saksutgreiinga